



Vestland
fylkeskommune

Skilthandbok

Juni 2021

Innhald

Introduksjon	3
---------------------------	----------

Grafisk profil

Logo	4
Hovudlogo	4
Verneområde.....	5
Logo for vidaregåande skular og tannklinikkar.....	6
Riktig og feil bruk av logo	7
Typografi	8
Fargar	9
Dekorelement	10

Skiltmanual

A. Utvendig skilting.....	12
Fasade	12
Orientering.....	17
B. Innvendig skilting	18
Orientering, fleksibelt system.....	18
Dørskilt.....	23
Nedheng frå tak.....	24
Markering av glasflater.....	25
Adgangskort.....	30
Kravspesifikasjon	31

Introduksjon

Vedlegg til profilhandbok for Vestland fylkeskommune

All merking skal vise veg fram til eit mål (t.d. bygning, undervisningsrom, kontor, funksjon). Skilting av rømningsvegar o.l. er ikkje omfatta i dette dokumentet.

Skilttypene som skal brukast er fleksible og kostnadseffektive ved behov for utskifting og vedlikehald av informasjonen i samband med flyttingar, omorganiseringar m.m. Kvart bygg har fleire variablar som styrer skilttype, storleik og plassering. Malane bygger på Vestland fylkeskommune sin visuelle profil. Krav til universell utforming (UU), og anbefalingar iht. UU, er integrert i profilen.

Vestland fylkeskommune skal framstå som tydeleg og einsarta i alle visuelle kanalar. Den visuelle profilen legg til rette for god kommunikasjon, og alle dei grafiske elementa er utarbeidde for å vere tydelege på alle flater. Manualen skal fungere som ein rettleiar som sikrar at profilen blir brukt konsekvent både internt og eksternt.

Konsekvent bruk av profilen gir eit einsarta uttrykk som bidrar til å styrke fylkeskommunen sin identitet.

Har du spørsmål om profilen, kontakt kommunikasjonsseksjonen.

Logo

Hovudlogo

Logoen (fylkesvåpenet + namn) er fylkeskommunen sin visuelle signatur og identitetsberar. Den skal kommunisere kven vi er, og vi skal bli attkjent når logo brukast.

Logo med våpenskjold til venstre er hovudvariant og skal føretrekkast.

Motivet i fylkesvåpenet viser ein stilisert versjon av eit fjordlandskap med to fjell som stuper ned i fjorden.

Avstanden og tilhøvet mellom fylkesvåpenet og namnetrekket er konstant og uforanderleg. Du kan ikkje lage dine egne logoversjonar. Logooriginalar skal ikkje endrast.

Plasser aldri avdelings- eller seksjonsnamn, prosjektnamn, slagord eller anna tekst inn som ein del av sjølve logoen eller saman med fylkesvåpenet.



Last ned logo

Norsk



Vestland
fylkeskommune



Vestland
fylkeskommune

Engelsk



Vestland
County Council



Vestland
County Council

Logovariantar



Vestland
fylkeskommune



Vestland
fylkeskommune



Vestland
fylkeskommune



Vestland
fylkeskommune



Vestland
fylkeskommune



Vestland
fylkeskommune



Logo

Verneområde

For å sikre luft rundt logo er det definert ein minimums-avstand til andre grafiske element og kantar på eit format. Avstanden tilsvarar breidda av eit våpenskjold.

Når vår logo skal stå saman med andre, må det definerte verneområdet til logo følgjast.

Likestilte logoar skal vere optisk like i storleik og i avstand mellom. I opprømsing med fleire logoar gjeld heraldiske reglar for rekkefølge. Først riksvåpen, så fylkesvåpen, kommunevåpen og til slutt andre.



Logo

Logo for vidaregåande skular og tannklinikkar

Logo (fylkesvåpenet + namn) er verksemda sin visuelle signatur og identitetsbærer. Fylkesvåpenet er det attkjende elementet i logo, og viser at verksemda tilhøyrer til fylkeskommunen.

Avstanden og tilhøvet mellom fylkesvåpenet og namnetrekket er konstant og uforanderleg. Du kan ikkje lage dine egne logoversjonar. Plassér aldri avdelings- eller seksjonsnamn, prosjektnamn, slagord eller anna tekst inn som en del av sjølve logoen eller saman med fylkesvåpenet. Logooriginalar skal ikkje endrast.

Logovariantar

Logoane for vidaregåande skular og tannklinikkar har dei same variantane som hovudlogoen.

Verneområde

For å sikre luft rundt logo er det definert ein minimumsavstand til andre grafiske element; avstanden tilsvarar breidda av eit våpenskjold.

På skilt er minimumsavstanden frå våpenskjold til skiltkant halvparten av breidda til fylkesvåpenet.



Last ned logo for skulane våre



Last ned logo for tannklinikane våre



Sogndal tannklinikk
Vestland fylkeskommune



Sogndal tannklinikk
Vestland fylkeskommune





Nordahl Grieg vgs.
Vestland fylkeskommune



Nordahl Grieg vgs.
Vestland fylkeskommune

Verneområde rundt logo



Logo

Riktig og feil bruk

- Plasser aldri logo på bilete eller på urolege bakgrunnar.
- Proporsjonane i logoen må aldri forrykkast. Skalér alltid logoen proporsjonalt.
- Avdelingsnamn, slagord eller annan info skal aldri setjast inn som del av logo.

Riktig



 Sogndal tannklinikk
Vestland fylkeskommune

 **Sogndal tannklinikk**
Vestland fylkeskommune

Feil



 **Sogndal tannklinikk**
Vestland fylkeskommune

 **Vestland fylkeskommune**

 **Vestland fylkeskommune**
Nyskapande og berekraftig

Typografi

Roboto

Roboto er designa av Christian Robertson og blei offisielt gjort tilgjengeleg i 2012. Den er i stor grad bygd på geometriske prinsipp, men framstår likevel som venleg med sine opne kurver og noko kondenserte preg. Mens nokre grotesker tvinges inn i ein modulær rytme kompromisser ikkje Roboto med bokstavbreidda, men lar kvart teikn ha sin naturlege breidde, noko som gjer den eit meir humanisisk uttrykk.

Roboto er godt eigna for mengdetekst i liten størrelse, både på skjerm og trykk.

Aa

Thin
Thin Italic
Light
Light Italic
Regular
Regular Italic

Medium
Medium Italic
Bold
Bold Italic
Black
Black Italic



Last ned fonter

Roboto Slab

Roboto er designa av Christian Robertson og blei offisielt gjort tilgjengeleg i 2012. Den er i stor grad bygd på geometriske prinsipp, men framstår likevel som venleg med sine opne kurver og noko kondenserte preg. Mens nokre grotesker tvinges inn i ein modulær rytme kompromisser ikkje Roboto med bokstavbreidda, men lar kvart teikn ha sin naturlege breidde, noko som gjer den eit meir humanisisk uttrykk.

Roboto Slab er godt eigna for ingresser eller ulike overskriftsnivå.

Aa

Thin
Light
Regulag
Bold



Last ned fonter

Roboto Mono

Roboto er designa av Christian Robertson og blei offisielt gjort tilgjengeleg i 2012. Den er i stor grad bygd på geometriske prinsipp, men framstår likevel som venleg med sine opne kurver og noko kondenserte preg. Mens nokre grotesker tvinges inn i ein modulær rytme kompromisser ikkje Roboto med bokstavbreidda, men lar kvart teikn ha sin naturlege breidde, noko som gjer den eit meir humanisisk uttrykk.

Roboto Mono er godt eigna for brødetekst i faktabokser, infografikk og korte tekstlengder.

Aa

Thin
Thin Italic
Light
Light Italic
Regular

Regular Italic
Medium
Medium Italic
Bold
Bold Italic



Last ned fonter

Fargar

Logofargar



Pantone 7705 C
CMYK: 100-15-5-30
RGB: 0-112-150
Hex: 007096



Pantone Cool Gray 2 C
CMYK: 0-0-0-17
RGB: 208 208 206
Hex: D0D0CE



Pantone BLACK 3C
CMYK: 0-0-0-100
RGB: 44-42-41
Hex: 2C2A29



CMYK: 0-0-0-0
RGB: 255-255-255
Hex: FFFFFFFF



ASE er ein filtype som brukast i design-og grafikkprogrammer. Filnamnet står for Adobe Swatch Exchange-fil.



Last ned fargepalett (ase-fil)

Primærfargar

Farge	PANTONE	CMYK	RGB	HEX
	304 C	40 0 7 0	154 219 232	9ADBE8
	529 C	19 38 0 0	202 162 221	CAA2DD
	7423 C	0 71 15 0	224 98 135	e06287
	610 C	10 3 74 0	225 213 85	E1D555
	3265 C	75 0 43 0	0 199 177	00c7b1
	115 C	0 4 88 0	253 218 37	fd2a25

Mørke primærfargar

Farge	CMYK
	40-0-7-15
	19-38-0-15
	0-71-15-15
	10-3-74-15
	75-0-43-15
	0-4-88-15

Sekudærfargar

Farge	PANTONE	CMYK	RGB	HEX
	1375 C	0-40-97-0	255 158 27	FF9E1B
	171 C	0-74-85-0	255 92 57	ff5c39
	707 C	0-33-4-0	248 181 196	f8b5c4
	366 C	29-0-64-0	183 221 121	B7DD79
	7723 C	67-4-51-5	80 166 132	50A684
	333 C	54-0-34-0	60 219 192	3cdbc0

Mørke sekudærfargar


Farge	CMYK
	0-40-97-15
	0-74-85-15
	0-33-4-15
	29-0-64-15
	67-4-51-20
	54-0-34-15

Dekorelement

Tilleggselementet er ei forenkla framstilling av landskapet i fylket sett ovanfrå. Det er teikna inn fjord, skog, fjell, by/tettstad, isbre, vør, og dei fylkeskommunale tenestene veg, vidaregåande skular og tannklinikkar. Alle desse kjenneteikna har fått kvart sitt visuelle mønster.

Kartet over fylkeskommunen og er et attkjenneleg og fleksibelt grafisk element. Kartet er delt inn i 12 lag. Laga er meint til å kombinerast og brukast aktivt i kommunikasjonen.

Med dette verktøyet kan man generere unike komposisjonar gjennom å variere utsnitt og lag. For å unngå å stele merksemd frå innhaldet nyttar vi kun 1-2 lag av gangen.




Last ned tilleggselement

Dekorelement


Teksturer



Hav/fjord




By




Skog




Innsjø




Vær




Veg




Skular



Isbre



Tannklinikkar



Fjell

A: Utvendig skilting

Fasade

Våpenskjoldet skal framstå i hovudfargane blått og grått. Bruk alltid logooriginal i hovudfargane der namn og våpenskjold står korrekt i forhold til kvarandre.

Hovudregelen er at bakgrunnsfarge for logo skal vere kvit eller ein av profilfargane våre.

Skiltinga skal så langt det lét seg gjere bestå av enkeltstående logoelement.

Skiltet skal vere plassert på fasade. For skiltvariant med festelist må val av farge på list harmonere best mogleg med bakgrunnsfarge på monteringsstaden. Der bakgrunnen ikkje gir tilstrekkeleg kontrast eller av andre grunnar ikkje kan tilpassast skiltet, skal skiltplate bak logo nyttast i tillegg. Storleiken på skiltplaten følgjer reglar om avstand rundt logo. Minimumsavstanden frå våpenskjold til skiltkant skal vere halvparten av breidda til fylkesvåpenet.

Storleik:

Sørg for at logoen er god å lese og skalér logooriginalane proposjonalt. Det skal vere ein avstand mellom logo og andre element tilsvarande breidda av eit våpenskjold.

Lys:


Integrert lys (ref. 1.1 eller 1.2) skal alltid vurderast ved kvart tilfelle.



1.1 Fasadeskilt - integrert lys



1.2 Fasadeskilt - integrert lys + skiltplate



A: Utvendig skilting

Fasade


Fasadeskilt med sarg for integrert lys

(1.1 og 1.2):

Fasadeskilt med integrert lys skal ha tett sarg som skissert.

Sargområdet skal dekke den totale tjukkleiken av logoelementa og unngå spreining av lys til sidene.

Lyset skal gi eit reint uttrykk av logoforma og kun framstå i front av skiltet.



A: Utvendig skilting

Fasade

Der det ikkje er tilrådeleg med integrert lys kan skiltvariant 1.3 - 1.5 nyttast. Skiltet skal anten vere godt synleg ved bruk av spotlights eller nytte alternativ løysing som dekkjer same behov for funksjon og uttrykk i forhold til skiltet.

Variant med skiltplate i tillegg til logo skal kun nyttast etter same grunngeving som primært fasadeskilt.


1.3 Fasadeskilt - m/ ekstern lyskilde



1.4 Fasadeskilt - utan lys



1.5 Fasadeskilt - utan lys + skiltplate





A: Utvendig skilting

Fasade

Stående variant av logo:

Logo finnst både i liggande og ståande versjon. Logo med våpenskjold til venstre er hovudvariant og skal føretrekkast om det er plass til den.

Dersom ståande logo blir tatt i bruk ved fasadeskilt, gjeld same regel om avstand og utføring som skissert for skiltvariant 1.1 - 1.5.



A: Utvendig skilting

Fasade

Spesialtilpassa skilt kan nyttast i tilfelle der skiltinga må inngå i eit felles skiltsystem med fleire eller der det ikkje let seg gjere å nytte løysinga for primærskilt eller sekundærskilt.

For spesialsilt i eksisterande system gjeld hovudregelen om logo i fargar, kvit bakgrunn og avstand rundt logo.

God kontrast og leselegheit er naudsynt der eksisterande system har ufråvikelege krav til bakgrunnsfarge for logo. Bruk av svart eller kvit logovariant må vurderast for kvart tilfelle.



1.6 Spesialsilt i eksisterande skiltsystem (Eksempel)



A: Utvendig skilting

Orientering

Illustrert mal viser hovudtrekka for visuell utforming og montering ved utvendig orienteringsskilt.

Hovudlogo skal framstå i profilfargane blått og grått og plasserast på bakplate. Bakplate skal vere i ein av profilfargane, med logo og dekorelement. Unngå mønster bak logo.

Frontplata i opal med folie bak (kvit translucent) og tekst i front.

God attgjeving av grafikk og tekst skal etterstrebast i tillegg til haldbarheit ved bruk ute og kjemisk haldbarheit mot orureining eller reingjeringsmiddel.

Frittstående søyle (2.1):

Informasjonen på orienteringsskilt bør sentererast ca 150 cm høgde frå bakkenivå. Informasjonen bør ikkje plasserast høgare enn 210 cm. Dekorflata kan av reinholdsmessige grunnar avsluttast med god avstand til bakkenivå.

Plateskilt på vegg (2.2):

Lik utføring for materialval og design som frittstående søyle. Utan rammeverk og sokkel. Montering direkte på vegg.



2.1 Orientering - frittstående søyle
(Eksempel: 1000 X 2300 mm X 80 mm)



B: Innvendig skilting

Orientering

Illustrert mal viser hovudtrekka for visuell utforming og montering ved innvendig orienteringsskilt.

Hovudlogo skal framstå i profilfargane blått og grått og plasserast på bakplate. Bakplate skal vere i ein av profilfargane, med logo og dekorelement. Unngå mønster bak logo.

Frontplata i opal med folie bak (kvit translucent) og tekst i front.

God attgjeving av grafikk og tekst skal etterstrebast i tillegg til haldbarheit for innvendig bruk.




Frittstående søyle (1.1):

Plassering av informasjon følgjer same reglar som utvendig orienteringsskilt.


Dekorplate følgjer total høgde på skiltet som vist, med lik avstand frå nedre og venstre kant, målt mot bakplate. Både ein og tosidig variant kan nyttast ved behov.

Plateskilt på vegg (1.2):

Lik utføring for materialval og design som frittstående søyle. Utan rammeverk og sokkel. Montering direkte på vegg.



Fargeval:



1.1 Orientering - frittstående søyle (Eksempel: 740 X 2300 mm)

B: Innvendig skilting

Orientering

Fleksibelt system:

Utgangspunkt for skilttyper som nyttar fleksibelt system er ei fast breidde på A4 liggande (297 mm). Høgden er fleksibel for tilpassing av informasjon.

Utforming av dekor følgjer reglar om avstand rundt logo. Eit heilt liggande våpenskjold er retningsgivande for avstand til elementa i topp og botn. Unngå mønster/dekorelement bak logo.



Det skal vere god kontrast mellom tekst/symbol og bakgrunn. Bokstavstorleiken på skilt bør utformast i forhold til avstanden informasjonen skal lesast frå.

Bruk profilfonten Roboto. Generelt med versal forbokstav og minusklar på tekst. På korte lettoppfatta ord kan versalar brukast på heile ordet.

Eksempel på skilt i tre ulike storleikar:

- 297 x 420 mm (tilsvarar A3 ståande)
- 297 x 840 mm (2 gonger A3 høgde)
- 297 x 148 mm – dørskilt (2.1)

Fargeval:



1.5 Orientering - heis, fleksibelt (Eksempel)


B: Innvendig skilting

Innvendig skilt 2.1 (297 x 148 mm)

Papirbasert løysing. Skiltramme i aluminiumsramme med matt PVC-front, for enkelt byte av innhald.

Farge på tekst og logo må ha god kontrast til bakgrunnen. Bruk kvit tekst og logovariant på dei mørkaste fargenyansane. Unngå mønster bak logo.

Fargeval:










B: Innvendig skilting

Innvendig skilt, A4 (210x297) stående/liggjande

Papirbasert løysing. Skiltramme i aluminiumsramme med matt PVC-front, for enkelt byte av innhald.

Farge på tekst og logo må ha god kontrast til bakgrunnen. Bruk kvit tekst og logovariant på dei mørkaste fargenyansane. Unngå mønster bak logo.

Fargeval:





B: Innvendig skilting

Innvendig skilt, A3 (297x420) ståande/liggjande

Papirbasert løysing. Skiltramme i aluminiumsramme med matt PVC-front, for enkelt byte av innhald.

Farge på tekst og logo må ha god kontrast til bakgrunnen. Bruk kvit tekst og logovariant på dei mørkaste fargenyansane. Unngå mønster bak logo.

Fargeval:



B: Innvendig skilting

Dørskilt

Kontor/møterom/kantine (2.1): (Fleksibelt system)

Dørskilt nytta ved kontor/møterom/kantine følger retningslinjer for orientering med fleksibelt system.

For den minste skiltstorleiken, 297 x 148 mm, er avstand frå øvre kant til logo tilsvarande eit halvt liggande våpenskjold tilstrekkeleg. Unngå mønster bak logo.

Toalett/pictogram (2.2):

Skiltet skal framstå i profilfargane. Det skal vere god kontrast mellom tekst/symbol og bakgrunn.

Denne skilttypen skal ha løysing for taktil utforming av informasjon og tilhøyrande punktsskrift. Piktogram skal vere universelle i den grad det let seg gjere.

Rettleiande storleik på rundt skilt med pictogram: Ø=150 mm, der piktogram inkl punktsskrift utgjer omlag 100 mm av høgda.


Plassering:

Dørskilt skal plasserast på dør eller på den sida dørhåndtaket står, og på ei senterhøgde på 150 cm frå golv.

2.1 Dørskilt - kontor/møterom/kantine



2.2 Dørskilt - toalett/pictogram



B: Innvendig skilting

Orientering

Nedheng frå tak:

Det skal vere god kontrast mellom tekst/symbol og bakgrunn. Flatene skal vere matte for å unngå refleks.

Bruk profilfonten Roboto. Generelt med versal forbokstav og minusklar på tekst. På korte lettoppfatta ord kan versalar brukast på heile ordet.

For skilt plassert høgare enn 2,1 meter over bakkenivå, bør tekst ha ei versalhøge på minimum 70 mm. Høgde og lengde på skiltet må tilpassast storleik på tekst/symbol og mengden av informasjon (sjå eksempel).

Piktogram skal vere universelle i den grad det lét seg gjere. Ved bruk av undertekst skal piktogram og tekst avpassast kvarandre.

1.6 Orientering - nedheng frå tak





B: Innvendig skilting

Markering av glasflater


Markering for å hindre samanstøyt skal monterast i synshøgde på glasflater.

Vi bruker forskjellige utsnitt og lag frå ekorelementet til folie på glasflater. Bruken/ behovet bestemmer designet.


Mål: 1:10






Mål: 1:10



Mål: 1:10




Mål: 1:10






Folie 1

Mål: 1:10




Folie 2

Mål: 1:10




Folie 3

Mål: 1:10



Adgangskort

Framsida Standard oppsett.



Oppsett

- Mål:** H 55 – B 85 mm
- Logo:**
Høgd på våpenskjold: 7,5 mm
Avstand frå kant: 5 mm
- Font:**
Namn: Roboto medium 12p
Stilling/Avdeling: Roboto regular 10p
Tekst på baksida: Roboto medium/regular 8p

Baksida



Framsida Alt. oppsett.



Fargekode

Farge	PANTONE	
	304C	Ansatt
	529C	Politikar
	366C	Prøvenemnd
	171C	Gjest
	3265C	Elev
	7423C	Leigetakar
	115C	Tannhelse



Last ned kortbakgrunnar

Kravspesifikasjon

• Spesifikasjonsdetaljar - totaloversikt

Materialval (s. 1 / 4)			Montering
A: Utvendig skilting			
1.0 Fasade			
1.1	Fasadeskilt - integrert lys	Fasadeskilt med sarg i aluminium og integrert lys. Front i gjennomfarga materiale i logofargane, for gjennomskin. Storleik: Våpenskjoldet bør ikkje vere større enn 3000 mm høgt. Sargkant utgjør 10% av høgde på våpenskjold. Festelist: Retningsgivande dimensjon for sargkant på festelist er 50% av sargkant på våpenskjold i logo. Overflatebehandling: Matt finish	Dimensjon på festelist må vurderast i samanheng med underlag og innfesting.
1.2.	Fasadeskilt - integrert lys + skiltplate	Utføring som 1.1 Skiltplate: Kvit opal eller tilsvarende grad av gjennomskin. Sargkant på skiltplate utgjør 50% av tjukkeleik for sarg på logoelementa. Festelist utgår.	Skiltplate montert på vegg og pynteskruar med matt finish. Vurdering av underlag og innfesting er naudsynt.
1.3	Fasadeskilt - m/ ekstern lyskjelde	Emblem-/ bokstavmateriale: 5 mm aluminium eller tilsvarende, lakkert, med påmontert avstandsstykke. Storleik: Våpenskjoldet bør ikkje vere mindre enn 200 mm høgt Overflatebehandling: Matt finish Ekstern lyskjelde: Fargetemperatur må vere nøytral med minst mogleg påverknad for uttrykket av profilfargane	Avstand til vegg bør tilsvare tjukkeleik på bakplate utrekna for fasadeskilt 1.2 og ikkje følge dimensjon på bokstavmateriale. Vurdering av underlag og innfesting er naudsynt.
1.4	Fasadeskilt - utan lys	Utføring som 1.3, utan lys.	Sjå 1.3
1,5	Fasadeskilt - utan lys + skiltplate	Utføring som 1.3, utan lys. Skiltplate: Kvit opal eller tilsvarende grad av gjennomskin. Dimensjon som er utrekna for fasadeskilt 1.2	Sjå 1.2
1.6	Spesialskilt i eksisterande skiltsystem	Materialval som gjeld for eksisterande utføring for fellesskilt saman med fleire.	

• Spesifikasjonsdetaljar - totaloversikt

Materialval (s. 2 / 4)			Montering
A: Utvendig skilting			
2.0 Orientering			
2.1	Orientering - frittstående søyle	Rammeverk bygd av firkanta lakkerte aluminiumsrøyr eller tilsvarende rustfritt materiale, kledd med lakkerte plater i tilsvarende materiale og med utskoren logo. Dekorplate i 10 mm kvit opal eller tilsvarende grad av gjennomskin. Print på sjølvklebende materiale skal monterast på framside. Printmateriale må behandlast med laminat eller yte som stettar krav spesifisert under illustrert eksempel. Både materiale og synlege festeskruar skal framstå med matt finish.	Skjult eller nøytral montering av plate på rammeverk. Plate med print skal monterast med avstandsskruar som er synleg frå framsida (pynteskruar). Dimensjon: Ø= 20 mm
2.2	Orientering - plateskilt på vegg	Plater og printmateriale: Utføring som 1.1	Skult eller nøytral montering av bakplate direkte mot vegg. Vurdering av underlag og innfesting er naudsynt.
3.0 Tilvising			
3.1	Tilvising - enkeltstående	Print på sjølvklebende materiale for utvendig bruk. Utføring i forhold til gjeldande regelverk for tilvisningsskilt på staden ved kvart tilfelle. Bruk hovudregel om logo i fargar, kvit bakgrunn og avstand rundt logo.	
3.2.	Tilvising - saman med andre	Materiale som gjeld for eksisterande utføring. Bruk hovudregel om logo i fargar, kvit bakgrunn og avstand rundt logo.	

Kommentar:

• Spesifikasjonsdetaljar - totaloversikt

Materialval (s. 3 / 4)			Montering
A: Innvendig skilting			
1.0 Orientering			
1.1	Orientering - frittstående søyle	Bakplate og valt rammeverk skal vere i materiale for innvendig bruk og framstå med rette kantar og vere i samsvar med uttrykk for evt. utvendig frittstående søyle. Dekorplate i 10 mm kvit opal eller tilsvarende grad av gjennomskin. Print på sjølvklebende materiale skal monterast på framside. Printmateriale må behandlast med laminat eller yte som stettar krav spesifisert under illustrert eksempel. Både materiale og synlege festeskruar skal framstå med matt finish.	Skjult eller nøytral montering av plate på rammeverk. Plate med print skal monterast med avstandsskruar som er synleg frå framsida (pynteskruar). Dimensjon: Ø= 20mm
1.2.	Orientering - plateskilt på vegg	Plate og printmateriale: Utføring som 1.1	Skult eller nøytral montering av bakplate direkte mot vegg. Vurdering av underlag og innfesting er naudsynt.
1.3	Orientering - etasje, fleksibelt på vegg	Skiltsystem for fleksibel utskifting av print. Print på papir eller materiale eigna for bruk i valt system.	Skult montering. Vurdering av underlag og innfesting er naudsynt.
1.4	Orientering - etasje, fleksibelt på glas	Skiltsystem og print som 1.3. Bakplate eller deksel i nøytral farge tilpassa øvrig profil.	Sjå 1.3 Vurdering av underlag er naudsynt. Bruk av synleg festemateriale skal utgjere eit minimum for kva som er tilstrekkeleg.
1.5	Orientering - heis, fleksibelt	Skiltsystem og print som 1.3.	
1.6	Orientering - informasjon, frå tak	Gjennomfarga plate med påmontert tekst/pictogram i utskoren folie eller print på folie. Val av skiltsystem med omsyn til god synlegheit og utan hinder for vanleg ferdsel.	Vurdering av underlag og innfesting er naudsynt.
2.0 Dørskilt			
2.1	Dørskilt - kontor/møterom/kantine	Skiltsystem for fleksibel utskifting av print. Print på papir eller materiale eigna for bruk i valt system.	Sjå 1.3 Dørskilt skal så langt det lét seg gjere monterast på vegg eller tett flate utan transparens.
2.2	Dørskilt - toalett/pictogram	Gjennomfarga plate og eigna materialval for taktil utforming av tekst/pictogram/punktskrift.	Dørskilt skal så langt det lét seg gjere monterast på vegg eller tett flate utan transparens. Vurder

- Spesifikasjonsdetaljar - totaloversikt

Materialval (s. 4 / 4)		Montering
A: Innvendig skilting		
3.0 Markering av glasflater		
3.1	Markering - synshøgde	Utskoren dekor i sølvklebande materiale med delvis transparent utføring. Uttrykket skal vere matt og utan gjenskin. Eksempel: sandblåst eller frosta utsjånad.
3.2.	Markering - innsyn	Sjå 3.1

Kommentar:

• **Spesifikasjonsdetaljar - totaloversikt**

Kvalitetskriteriar		Kommentar
Folie og print	Ved bruk av utskorne folieelement og heile print, gjeld omsynet til bruksområde og slitasje over tid. I tilfelle der plassering er utsett for ytre påverknad er det spesifisert ønska løysing for utføring eller vern i dei ulike skilttypane.	- Leverandør: Val av leverandør er ikkje spesifisert, men haldbarheit for materiale på minimum 5 år er krevd ved permanente skilttypar utan omtalt fleksibilitet for utskifting.
Plater	Val av plater i ulike materiale må oppfylle følgande kriteriar: <ul style="list-style-type: none"> • Behandla overflater inkl. kantar, stabilitet, sikra mot sprekker/eksplosjon. Skilttyper skal vere utforma slik at ein unngår skadar eller unødige hindringar.	- Eksempel på behandling: børsta, polert, lakkert - Eksempel på stabilitet/sikring: herding
Taktil utforming	Krav til universell utforming (UU) som inkluderer taktil utforming for svaksynte og blinde. Det skal leggast vekt på god tilkomst der taktil utforming blir tatt ibruk.	Eksempel på materialval for taktil utforming: - Relieffvirkning og punktskrift (Braille)
Fleksible skiltsystem	Val av leverandør og system må oppfylle krav om: <ul style="list-style-type: none"> • format som er spesifisert for skilttypar, med fleksibel justering i høgda • løysing med bakplate eller deksel for estetisk uttrykk der skilt kan sjåast frå baksida 	- Eksempel på format: A4 breidde +/- høgde. Bruk av bakplate: Ved montering på transparent bakgrunn som t.d. glasdør, vindaug.
Frittstående søyler	Det er sett ein mal for form og uttrykk for skiltsøyler for Hordaland fylkeskommune. Denne malen skal følgast tett. Form og uttrykk ute og inne skal prioriterast ved val av eksisterande system eller spesialdesigna løysing.	- Rammeverk med tilhøyrande skiltplater som skissert under skilttypane. - Eksempel på form og uttrykk: Rette linjer og skjult eller nøytral montering av plater mot rammeverk.
Lys	Lys i samband med dei skisserte skilttypene er spesifisert som integrert lys eller ekstern lyskjelde. Utgangspunkt for bruk av begge variantane er synlegheit, framheving av budskap og gjenkjenning av profil. Bruk av lys må underbygge og ikkje forstyrre funksjon eller uttrykk. Løysingar skal rettast etter gjeldande lover og forskrifter. Lave bruks- og vedlikehaldskostnader har høg prioritet.	Eksempel på løysing som p.t. oppfyller kriteriane: LED (ref. fasadeskilt - integrert lys)
Haldbarheit	For utvendig bruk gjeld generelt krav om vêrbestandig materiale. For innvendig bruk må ytre påverknader sjåast i samanheng med plassering og tilkomst.	- Vêr: Vind, nedbør, sollys